

Kommunal forskrift for Eidfjord kommune, Granvin herad, Jondal kommune, Ullensvang herad, Ulvik herad og Voss kommune om

## **INNSAMLING MV. AV HUSHALDNINGSAVFALL**

Fastsett med heimel i lov av 13.mars 1981 nr 69 om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova) §§ 30, 33, 34, 37, 79, 83 og 85 av:

Eidfjord kommunestyre 29.09.04, sak 062/04  
Granvin heradsstyre 21.09.04, sak 050/04  
Jondal kommunestyre 16.12.04, sak 104/04  
Ullensvang heradsstyre 13.12.04, sak 091/04  
Ulvik heradsstyre 15.09.04, sak 067/04  
Voss kommunestyre 28.10.04, sak 0082/04.

Forskrifta vert gjort gjeldande frå 01.07.04.

(Ullensvang og Ulvik: Forskrifta vert gjort gjeldande frå 01.01.2005.)

\*\*\*\*\*

### **1. Generelt**

Indre Hordaland Miljøverk IKS (IHM) har overteke kommunen/heradet sine rettar og plikter for saker som gjeld renovasjon og avfallshandsaming slik det er formulert i formålet til selskapet, jfr. §2 i selskapsavtalen. IHM overtek eigedomsretten til avfallet som vert samla inn av, eller levert til IHM, jfr. §30 i Forureiningslova.

### **2. Virkeområde**

Forskrifta gjeld oppsamling, innsamling, transport og gjenvinning av hushaldningsavfall frå heile kommunen/heradet. Forskrifta gjeld og oppsamling, innsamling og transport av farleg avfall frå hushald med mengder som ikkje er større enn det som til ei kvar tid gjeld i forskrift om farleg avfall.

Forskrifta gjeld også avfallsgebyr.

Forskrifta omfattar alle registrerte grunneigedomar i kommunen/heradet der det oppstår hushaldningsavfall, herunder kvar einskild seksjonert del av bygning og kvar sjølvstendige brukseining i bygning. Som sjølvstendig brukseining i bygning vert rekna bustad med eige kjøkken. Likt med sjølvstendig brukseining vert rekna inntil to hyblar med felles kjøkken. Utover to hyblar som deler felles kjøkken, vert det rekna ei brukseining per to hyblar. IHM avgjer i tvilstilfelle kva som skal reknast som sjølvstendig brukseining i bygning som ikkje er seksjonert.

Forskrifta gjeld også for fritidseigedomar og hytter, herunder permanent oppsett campingvogn (oppsett for 3 månader eller meir). Campingvogn plassert på lagerplass vert ikkje rekna som permanent oppsett den tida den står på lager, og det kan dokumenterast at den ikkje er i bruk.

Forskrifta gjeld og eigedomar der det oppstår næringsavfall og som er med i den kommunale renovasjonsordninga, jfr. pkt. 4.2.

### **3. Definisjonar**

Abonnet er eigar av eigedom som vert omfatta av den kommunale renovasjonsordninga. Dersom eigedomen er festa bort for 30 år eller meir, skal likevel festaren reknast som abonnent om ikkje

anna er avtala. Det same gjeld når festaren har rett til å få festet forlenga, slik at den samla festetida vert meir enn 30 år.

Ved fleire brukarar, husstandar, verksemder, fritidsbustader osv. på same eigedom, vert grunneigar rekna som abonnent.

Avfall er kasserte lausøyregjenstandar eller stoff. Som avfall vert og rekna overflødige lausøyregjenstandar og stoff frå tenesteyting, produksjon og renseanlegg m.v. Avlaupsvatn og avgassar vert ikkje rekna som avfall (jfr. forureiningslova § 27).

Bringesystem er kjeldesorteringssystem der folk sjølve bringar sitt sorterte avfall til ein mottaksplass, td. ein miljøstasjon.

Hentesystem er kjeldesorteringssystem der det sorterte avfallet vert samla inn så nær kjelda som mogeleg.

Hentestaden er der renovatøren hentar oppsamlingseiningane og tømmer dei i renovasjonsbilen

Hushaldningsavfall er avfall frå private hushald, herunder større gjenstandar som inventar og liknande (jfr. forureiningslova § 27).

Farleg avfall er avfall som ikkje hensiktsmessig kan handsamast saman med anna avfall fordi det kan medføre alvorleg forureining eller fare for skade på menneske eller dyr. Eksempel er plantevernmidlar, batteri, måling- og lakkrestar.

Næringsavfall er avfall frå offentlege og private verksemder og institusjonar (jfr. forureiningslova § 27).

Oppsamlingseining er den eininga som abonnenten samlar avfallet i mellom leveringsdagane. For hushald vil dette seia avfallsbeholdar (140 eller 240 liter) for restavfall (unntaksvis sekk) og våtorganisk avfall og avfallsbeholdar/sekk for papir/plast.

Restavfall er avfall som det ikkje er oppretta egne sorteringsordningar for. Dette avfallet vert levert til slutthandsaming.

Sentral miljøstasjon er eit eige tilrettelagt område for mottak av sortert avfall.

Tvungen renovasjon er lovpålagt og gebyrbelasta innsamling av hushaldningsavfall.

Våtorganisk avfall er organisk avfall som er biologisk lett nedbrytbart.

## **4. Kommunal innsamling av avfall**

### **4.1 Tvungen renovasjonsordning**

I kommunen/heradet er det lovpålagt innsamling av hushaldningsavfall, jfr. forureiningslova §30. Alle eigedomar m.v som fell innanfor pkt. 2 er omfatta av denne avfallsordninga.

IHM kan etter søknad frita einskilde eigedomar frå ordninga, etter fylgjande reglar:

- eigedomar der hus står tomme i minst eitt år.

IHM kan etter søknad redusera gebyret og omfanget av renovasjonen for einskilde eigedomar, etter fylgjande reglar:

- eigedomar som har meir enn 500 meter transport av avfallet fram til hentestad
- andre særskilde grunnar

Med søknaden skal det fylgja grunngeving, gnr./bnr. for eigedomen og underskrifta til heimelshavar/festar.

Fritidseigedomar skal visast til oppsamlingsplass. For slike eigedomar gjeld ikkje avstandsgrense til veg/opsamlingsplass.

IHM kan overlata til andre å stå for innsamling, transport og handsaming av avfallet. Dersom andre enn IHM ynskjer å etablere ordning for innsamling og *gjenvinning* av avfall, skal dette godkjennast av Fylkesmannen og IHM. Slike ordningar skal gjennomførast i samsvar med denne forskrifta.

Det er forbod mot brenning av hushaldningsavfall, utanom i særskilt godkjende forbrenningsanlegg.

#### 4.2 Kommunal renovasjon

Den kommunale renovasjonsordninga omfattar hushaldningsavfall og evt. anna avfall som er med i den same ordninga (td. einskilde typar næringsavfall).

#### 4.3 Farleg avfall

IHM skal syte for at det eksisterer tilbod for mottak av farleg avfall frå hushald og verksemder med mengder farleg avfall som til ei kvar tid gjeld i forskrift om farleg avfall (jfr. forureiningslova § 31).

### **5. Avfall som ikkje er omfatta av kommunal innsamling**

Næringsavfall er ikkje omfatta av lovpålagt kommunal avfallsordning (jfr. forureiningslova § 30). Slikt avfall skal leverast til lovleg avfallsanlegg med mindre det vert gjenvunne eller brukt på annan måte (jfr. forureiningslova § 32).

For næringsavfall som hensiktsmessig kan samlast inn saman med hushaldningsavfall, kan IHM tilby innsamling saman med hushaldningsavfallet.

For dei fleste avfallstypar som ikkje er omfatta av den tvungne avfallsordninga, tilbyr IHM mottak på miljøstasjon eller avfallsanlegg.

IHM kan og, der dette er hensiktsmessig, tilby eigen innsamling av næringsavfall som fell utanfor kommunal innsamling.

### **6. Krav til sortering m.m. av avfallet**

Abonntarar som er omfatta av lovpålagt kommunal avfallsordning, pliktar å sortere avfallet etter gjeldande ordningar. IHM kunngjer dei ordningar som gjeld. Avfall levert til kommunal avfallsordning kan verte manuelt sortert/kontrollert av IHM.

#### 6.1 Henteordning

Avfall som det er fast organisert gjenvinningsordning for, skal leverast via gjenvinningsordninga, og ikkje leggast i oppsamlingseininga for restavfall.

Papir/plast vert samla inn ved hjelp av eigen behaldar/sekk eller det kan leverast til sentral miljøstasjon/avfallsanlegg. Matavfall/våtorganisk avfall vert samla inn ved hjelp av eigen behaldar.

## 6.2 Bringeordning

Avfall som ikkje kan leverast i oppsamlingseining for papir/plast, våtorganisk avfall eller restavfall, skal leverast til miljøstasjonar, andre godkjende avfallsmottak eller gjennom særskilde innsamlingsordningar eller innsamlingsaksjonar som vert kunngjort av IHM. Dette gjeld td. farleg avfall og avfall som det ikkje er henteordningar for.

Abonntenen må sjølv syte for levering til avfallsplass av bygningsavfall og hushaldningsavfall som er så stort at det ikkje er plass til det i oppsamlingseininga.

Abonntenen pliktar å sortere det avfallet som vert levert til *mottak* i samsvar med IHM sine rettleiingar. IHM kunngjer kva mottak som er aktuelle i deira område og gjev råd om avfallshandsaming.

Medisinrestar skal leverast til godkjend mottak for slikt avfall.

## 6.3 Kompostering

Hageavfall bør, så langt det er mogeleg, komposterast i eigen hage, alternativt leverast til mottaksplass for hageavfall.

Abonntar kan inngå kontrakt med IHM om heimekompostering av våtorganisk avfall, jfr. egne retningsliner. Evt. anvisingar frå IHM skal følgjast, og det kan verte ført kontroll med at kontrakten vert etterlevd.

## 7. Oppsamlingseiningar

### 7.1 Innkjøp og utlevering av oppsamlingseiningar

IHM skal syta for at abonntenen har avfallsbeholdarar som er tilpassa dei fraksjonane som skal sorterast ut og køyreruta til renovatøren. Innanfor ramma av lovverket og desse forskriftene, kan IHM påleggja abonntane andre ordningar enn dei som fyrst var godkjende, dersom det viser seg at avfallshandsaminga ikkje vert forsvarleg.

IHM vedlikeheld og skiftar ut behaldarar ved normal slitasje.

IHM kjøper, leverer ut og eig avfallsbeholdarane. Kvar behaldar har eit nummer som samsvarar med namnet til ein abonnent eller ei gruppe av abonntar. Kostnaden med behaldarane er rekna inn i renovasjonsgebyret.

Burettslag eller andre abonntar som ynskjer å gå saman om felles oppsamlingseiningar, må ha samtykkje frå IHM.

### 7.2 Bruk av oppsamlingseininga

IHM set krav til kva behaldarstorleik som skal nyttast og kor mange behaldarar abonntenen skal ha.

Oppsamlingseininga må berre brukast til oppsamling av avfall som er i samsvar med IHM sine krav og denne forskrifta. Det kan ikkje leggjast avfall i den som kan skade behaldaren, renovasjonsmannskapet eller renovasjonsutstyret. Skarpe gjenstandar, glas, fuktig avfall og

illeluktande bos må pakkast godt inn. Etsande, eksplosivt, sjølvtennande, flytande eller varmt avfall td. varm oske, skal ikkje leggjast i behaldaren. Større metallgjenstandar, stein og jord, hageavfall, sand/grus eller bygningsavfall må heller ikkje leggjast i behaldaren.

Abonnten er ansvarleg for at bruken og plasseringa av behaldaren i samsvar med desse forskriftene. Behaldaren skal brukast slik at avfallet er sikra mot rotter og skadedyr eller andre hygieniske ulemper. Ved misbruk/ aktløyse som skadar behaldaren, skal abonnten betale kostnaden med ny behaldar.

Abonnten er ansvarleg for reinhald av behaldarane.

Abonnten er ansvarleg for særskild merking av behaldaren dersom IHM krev det. Abonnten kan sjølv merke behaldaren med eigne klistrelappar, dersom desse kan fjernast ved eventuell innlevering av behaldaren. Ved innlevering av behaldaren til IHM skal den vera reingjort.

Behaldarane må ikkje overfyllast, og avfallet må ikkje pakkast så fast i behaldaren at det vert vanskeleg å tømme den. På vinterstid er abonnten ansvarleg for at avfallet ikkje er frose fast og dermed ikkje let seg tømme.

IHM kan pålegge abonnten å auke volumet på oppsamlingseininga(ne) dersom dette ser ut til å vere naudsynt for å sikre tilstrekkeleg sortering av avfallet eller for å hindre at avfallet vert oppbevart eller disponert på ein uheldig måte.

### 7.3. Bruk av oppsamlingseiningar for hytter og fritidsbustader

IHM skal syte for naudsynt reinhald av oppsamlingseining, hentestad og oppstillingsplass for oppsamlingseiningar til bruk for hytter og fritidsbustader.

Oppsamlingseiningar som er utplassert og merka for hytter og fritidsbustader, skal berre brukast av hytter og fritidsbustader.

Elles gjeld det som er bestemt i denne forskrifta.

### 7.4 Plassering av oppsamlingseininga

Abonnten bestemmer sjølv kvar oppsamlingseiningane skal plasserast utanom tømmedagane. Plasseringa må ikkje vera i strid med denne forskrifta, plan- og bygningslov, grannelov, veglov eller andre relevante lover eller forskrifter.

Tømmedagen skal abonnten plassere oppsamlingseiningane ved renovasjonsbilen si køyrerute på den hentestaden, og til den tida som IHM bestemmer. Hentestaden skal ikkje liggje meir enn 5 meter frå køyreveg.

Hentestaden skal vera lett tilgjengeleg på eit plant og fast underlag. Det skal avsetjast nok areal til oppsamlingseiningane og tilkomsten skal vere fri for hindringar som kan gjera hentinga vanskeleg. Vinterstid skal tilkomsten vera rydda for snø og om naudsynt sandstrødd.

Abonnten syter sjølv for å transportera behaldarane tilbake til fast plasseringsstad etter tømning.

IHM fastset stoppeplassen for renovasjonsruta. Desse skal leggjast slik at innsamlinga kan gå føre seg på ein rasjonell og trafikktrygg måte og med stor komprimatorbil.

Ved innandørs oppsamlingssystem må eininga plasserast i eige avfallsrom, i samsvar med byggeforskriftene.

I område der det er avsett felles oppsamlingsplassar for oppsamlingseininga, kan IHM visa abonnentane til å nytta desse.

### **8. Krav til køyreveg**

Om vinteren må vegen og eventuell snuplass vera brøytt og om naudsynt, strødd. Heile året skal vegdekket vera tilfredstillande vedlikehalde, og vegen skal vera sikra med rekkverk der det er naudsynt.

Dersom tilkomsten vert hindra av parkerte bilar, manglande vedlikehald og/eller snøbrøyting, er abonnenten pliktig å bringa avfallet fram til renovasjonsbilen eller ta vare på avfallet på ein forsvarleg måte til neste hentedag.

### **9. Innsamling av hushaldningsavfall**

Den som samlar inn avfall er berre pliktig til å ta med avfall som er lagt i oppsamlingseininga. Avfallet skal hentast regelmessig etter ein hentefrekvens som vert bestemt og kunngjort av IHM. I særlege høve, t.d. ved høgtider, kan det etter kunngjering fastsetjast andre hentedider.

Renovatøren vil gjennomføra stikkprøvar av innhaldet i behaldarane. Han skal ikkje tømme behaldarar som inneheld avfall som er i strid med denne forskrifta, men leggje att ei skriftleg orientering om kvifor tømning ikkje er utført.

I særskilde høve kan IHM bestemme ein annan hentefrekvens, eller at innsamlinga berre skal gjennomførast visse delar av året.

Innsamlinga skal utførast slik at abonnentane ikkje unødig vert sjenerte av støv, lukt eller støy. Oppsamlingseininga skal etterlatast i lukka stand. Under transport må avfall sikrast slik at det ikkje fell av. Renovatøren må rydda opp avfall som evt. fell av. Renovatøren skal, dersom ikkje anna i særskilde høve er avtala med IHM, utføre renovasjonen med lukka komprimatorbil.

### **10. Abonnenten sine plikter**

Deler av abonnenten sine plikter kan, i høve der det er gjeve særskilt godkjenning til det, overførast til eigarlag, burettslag o.l. som har felles oppsamlingseiningar. Overføring av plikter gjeld berre i den grad det går fram av skriftleg godkjenning.

Ved endring av abonnementstilhøve, ved flytting o.l. er abonnenten ansvarleg for å gje skriftleg melding til IHM. Ved manglande melding er den registrerte abonnenten ansvarleg for alle kostnader i medhald av desse forskriftene.

Eigar eller festar av eigeidom der det oppstår hushaldningsavfall pliktar straks å melde frå til IHM dersom vedkommande ikkje står i gebyrregisteret for hushaldningsavfall.

### **11. Avfallsgebyr**

### 11.1 Kven skal betala gebyr

Abonnten skal betala eit årleg gebyr. Det skal betalast gebyr for kvar brukseining, jfr. pkt 2.

Gebyret vert rekna frå og med den 1. i den månaden abonnten melder seg inn i renovasjonsordninga og vert rekna fram til den siste i den månaden abonnten melder seg ut av renovasjonsordninga.

Gebyret dekkjer også levering av hushaldningsavfall til organisert gjenvinning av ulike avfallsfraksjonar.

Ekstra gebyr kan krevjast for ulike tilleggstenester i samsvar med gjeldande prislister for levering av avfall på miljøstasjon eller avfallsanlegg.

### 11.2 Utrekning og fastsetjing av gebyret

I samsvar med Forureiningslova § 34 skal kommunen, etter tilråding frå IHM, fastsetja avfallsgebyr som fullt ut dekkjer alle kostnader kommunen har med avfallshandsaminga. Kommunen vedtek betalingsregulativ for gebyr og fastset gebyr.

### 11.3 Innkrevjing, renter m.m.

Avfallsgebyr med renter og kostnader er sikra med lovbestemt pant etter pantelova § 6-1. Om renteplikt ved for sein betaling og inndrivning av avfallsgebyr gjeld reglane i lov av 6.juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane §§ 26 og 27 tilsvarande og lov av 17.12.1976 nr. 100 om renter ved for sein betaling.

Etter at eigar/heimelshavar har fått den naudsynte varslinga, er han sjølv ansvarleg ved for sein betaling eller anna misleghald.

Gebyret kan krevjast inn over fleire terminar.

Kommunen/heradet kan overlata til IHM å krevja inn gebyret, jfr. § 10 i selskapsavtalen, andre ledd.

## **12. Delegasjon**

Den myndigheit som i denne forskrifta er lagt til IHM, er gitt med heimel i forureiningslova § 83.

## **13. Klage**

Vedtak og pålegg om innsamling av hushaldningsavfall m.m. som kan påklagast i medhald av Forureiningslova, Kommunelova eller Forvaltningslova kan påklagast til IHM. Dersom klagen ikkje vert omgjord til gunst for klagaren, vil klagen verta send til klageinstansen.

## **14. Sanksjonar og straff**

For å unngå evt. helsemessige problem eller akutt forureining kan IHM, på abonnten si rekning, syte for separat innkjøring og sortering av avfall som ikkje er tømt, jfr. pkt. 9.

Brot på desse forskriftene utover dette vert straffa med bøter etter Forureiningslova § 79 andre ledd.

